

AREAL: 144 km<sup>2</sup>  
FOLKETAL: 17092

**S**TORD prestegjeld og kommune omfatta også Fitjar og Valestrand fram til 1862 og 1870. Stord hørde til Føyno skipreide eller tinglag fram til 1872.

Føyno skipreide omfatta i 1647 Stord og heile Bømlo. Slik var det også i mellomalderen, då skipreida heitte Kåravik, etter den staden der sagahovdingen Horda-Kåre heldt til. □



**PÅ RAUD GRUNN  
EIN GULL  
KRISTTORNKVIST**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 19.06.1987, teikna av Truls Nygaard etter ein idé av Harry Herstad. Kristtorn eller beinved er viltveksande i det milde klimaet på Stord. Stord ligg i det vi kan kalla «kristtornbeltet»; på næringsrik fyllittgrunn som gjev gode vokstervilkår for varmekjære vekstar; kristtorn og vivendel.

### STORD

Stord, uttala «Storen» i dialekten, kan setjast i samband med ein ordkrins som tyder «vera stiv, raga opp». Ei anna forklaring er det gno. ordet storð «ungskog, krattskog». Føyno, det gamle namnet på skipreida, er ei samandraging av Feøy i bunden form, altså «beiteøya». Huglo er i slekt med haug, som tysk Hügel. Hystad er ei forkorting av Hysingstad, samansett med eit gammalt mannsnamn Hysing. Også Kåravik er samansett med eit gammalt mannsnamn; kanskje sagahovdingen «Horda-Kåre». I mellomalderen er det fleire gonger tale

om Kåravika(r) skipreida. Eit tredje kjent stadnamn med personnamn i førsteleddet er Rommetveit, av eldre Rómundr og tveit «(flat) rydning». Ådland inneheld ei eldre genitivform av å «elv». To reine naturskildringar er Skjersholmene, av skjer og holme, og Langenuen, der sisteleddet er nu(v) «koll, topp», her nytta om fjorden mellom høge kollar. Agdestein inneheld kanskje ei ordstamme med tydinga «spiss, utstikkande»; truleg i slekt med Agder.



### LEIRVIK

Den gode hamna i Leirvik skapte eit knutepunkt alt i mellomalderen. Her var det tingstad, og det kom gjestgjevarstad i 1600-åra. Men Leirvik oppnådde aldri kjøpstad eller ladestad-status. I folketeljinga for 1865 er deler av gardane Nordre Bjelland, Leirvik og Orninggård skilde ut som «Strandstedet Lervig». Og tettstaden vaks fram kring den gamle gjestgjevarstaden tidleg på 1800-talet.

Dei nye handels- og handverkarlovene kring midten av førre hundreåret førte til ny vekst. Utbygging av offentlege tenester og kommunikasjonar; distriktslækjar, dampskipsferdsel, post og telegraf gjorde Leirvik til midtpunktet i eit stort distrikt. Den gamle tingstaden vart i større grad også eit administrasjonssentrum. Sorenskrivaren fekk fast bustad på Stord, først i Kåravik frå 1862, og frå 1912 på Leirvik. Sentrumsbusetnaden i Leirvik ligg kring den gamle kyrkjevegen frå Utbygdo gjennom Prestlio. Langs denne vegtraséen utvikla det seg opp mot første verdskrigen ei samanhengjande bygningsrekke som utgjer hovudgata, Borggata, i dagens Leirvik.